



**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset  
**Dato:** 29.10.2014  
**Tidspunkt:** 09:30 – 15:30

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Ellinor Kreybu	Leiar	FRP
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO
Jostein Ljones	Medlem	SP

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Neshe Lie	Medlem	H
Tore Svane	Medlem	FFO
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO

**Følgjande varamedlemmer møtte:**

Namn	Møtte for	Representerer
Inge Fiskvik	Tore Svane	FFO
Laila Bø	Kjersti Edvardsdal	FFO

**Merknader**

**Likestillingssenteret i Hedmark og Oppland ved Elin Kjeldstadli Hatlestad heldt ein orientering om barrierar, fråfall i vidaregåande skular og elevar med funksjonsnedsetting.**

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Birte Markeseth Aasen	Seksjonsleiar, administrasjonsseksjonen
Hilde Meland	Seniorrådgjevar, kommunikasjonsseksjonen
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, administrasjonsseksjonen

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 46/14	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 47/14	Godkjenning av sakliste		
PS 48/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 49/14	Alle offentlige bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal ha universell utforming	2014/13263	
PS 50/14	Ny tannklinikk - samlokalisering av tannlegevakt i Bergen og Engen tannklinikk	2014/12078	
PS 51/14	Møteplan 2015 - utkast	2014/558	
PS 52/14	Ymse		
PS 53/14	Referatsak (Meldingar)		
RS 45/14	Oversikt økonomi - per 171014	2014/558	
RS 46/14	Oversikt aktuelle kurs 2014 - per 171014	2014/558	
RS 47/14	Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr september	2014/1527	
RS 48/14	Orientering frå Skyss til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 100914	2014/558	
RS 49/14	Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland - høyringsbrev	2014/19439	
RS 50/14	Tannlegesenter på Nesttun	2014/558	

## **PS 46/14 Godkjenning av møteinnkalling**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteinnkallinga.

## **PS 47/14 Godkjenning av sakliste**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente sakslista.

## **PS 48/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møtebok frå møtet 10.09.2014.

## **PS 49/14 Alle offentlige bygg, anlegg og opparbeidde uteområde i Hordaland skal ha universell utforming**

### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek til orientering at administrasjonen legg Norsk Standard NS 11001- Universell utforming av byggverk Del 1 og Universell utforming av byggverk – VEIFINNING – Veileder for veifinning P-750:2014 til grunn i arbeidet med å gjere alle bygg og anlegg i Hordaland fylkeskommune universelt utforma.

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek til orientering at administrasjonen legg Norsk Standard NS 11001- Universell utforming av byggverk Del 1 og Universell utforming av byggverk – VEIFINNING – Veileder for veifinning P-750:2014 til grunn i arbeidet med å gjere alle bygg og anlegg i Hordaland fylkeskommune universelt utforma.

## **PS 50/14 Ny tannklinikk - samlokalisering av tannlegevakt i Bergen og Engen tannklinikk**

### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek til orientering samlokalisering av tannlegevakt i Bergen og Engen tannklikk.

**Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek til orientering samlokalisering av tannlegevakt i Bergen og Engen tannkikk.

## **PS 51/14 Møteplan 2015 - utkast**

### **Forslag til avgjerd**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, fylkeseldrerådet og Ungdommens fylkesutval vedtek møteplanane slik dei føreligg.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å godkjenne møteplan 2015 for rådet med slike endringar:

Temadagen for rådet vert to dagar i 2015. Aktuelle tema for konferansen er tilgjengelege val, samhandlingsreforma og universell utforming i fase 2. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok at konferansen for dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne skal settast opp som ein politisk sak på desember-møtet.

## **PS 52/14 Tannlegesenter på Nesttun**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

Saken er flytta frå referatsak RS 50/14 til politisk sak PS 52/14

#### **Vedtak**

Rådet vedtok og å sende ein slik førespurnad til eigedomsseksjonen og tannhelseavdelinga: *«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne visar til bekymringsmelding vedrørande tilkomst til Nesttun tannklinikk. Rådet ber eigedomsseksjonen og fylkestannlegen om å sjå på tilkomst til bygget og moglegheit til å installere ein automatisk døroppnar både i inngangspartiet nede og i andre etasje slik at tilkomst vert betra.»*

## **PS 53/14 Ymse**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

*Synfaring til skular og tannklinikk 29.-30. oktober:*

Synfaring med RMNF 29.10.2014

#### **Amalie Skram videregående skole**

Fylkesrådet har vore med på 2 arbeidsmøter i starten av planfasen, der ein fekk koma med innspel og idèar. Første møtet handla om tilgjenge, og det andre møtet handla om lys, akustikk, fargar og universell utforming (UU) elles. For rådet var det ei positiv oppleving under synfaringa, då ein såg at UU var så godt gjennomført i heile bygget. Det var knytta stor spenning til akustikk, men dette var løyst på ein tilfredsstillande måte både i gongane og i kantineområdet.

Konklusjonen var at rådet var godt tilfreds med alt som handla om universell utforming.

Synfaring med RMNF 30.10.2014

#### **1. Årstad tannklinikk**

Rampe frå parkering til inngang er for bratt. HC-toalett er ikkje godkjent. Litt trong møblering på enkelte behandlingsrom. Trong møblering i gongane, som kan få følgjer ved ein rask evakuering. SIB-avdeling har mykje betre plass, den er ok. Behandlingsrom 3 er godt tilrettelagt. Det er generelt liten kontrast i gongane, kan rettast med ei enkel stripe/bord. I gongane kunne fargane ha vore litt meir dus, ikkje så kvite som dei er no, for no verkar dei, saman med lyssettinga, blendande. Gode handrekkjer i gongane, men manglar i inngangspartiet.

Nødutgang mot Årstadveien; dørterskel ved utgang er for høg, 2 trinn på utsida bør merkast då dei er vanskeleg å få auga på. Sykkelstativet stengjer nødutgangen.

## **2. Langhaugen videregående skole.**

Gode fotrister ved hovudinngong gjer reinhaldet enklare. Døropnar lite tilgjengelig. God plass på HC-toaletta, men manglar tilgjengelige toalettrullar, laga betre rutinar. Handtak feilplassert på alle HC-toalett. Automatisk døropnar lukkar for raskt. Papirkorger på HC-toalett er feilplassert, og såpe og tørkepapir kunne vore betre plassert (gjeld 1. etg) 2. etg er vask og papir bra, men såpe feilplassert. Her er det gode kontrastar i gongane. Vindauge i 3. etg. bør merkast betre. HC-heis til scenen fungerer godt. Her er ikkje merka HC-parkering, bruker skuleplassen, men denne blir stengt kl 14.

## **3. Slåtthaug, A-bygget**

Gode ledelinjer i inngangsparti, fungerer også som rømmingsleder, då dei er fluoriserande. God skilting utvendig, men dårlig skilting inne. Begge plattformheisane svikta, vil fungera bra når dei får dei til å virka igjen. Hadde med prøver av ein ny type matte til inngangspartiet, der det var påmonterte ledelinjer (skrudd fast). Skal prøva å få tak fluoriserande overflater til dei nye ledelinjene. Heis frå vestibyle må få elektrisk døropnar. Heis frå garderobe har for kort responstid på dør. HC-toalett verkstad feilmontert papirhandkleholdar.

B bygget

HC-toalett nesten godkjent, manglar handtak på dør.

D bygget

Litt for kort responstid på inngangsdør. HC-toalett manglar speil. God markering av trapper. Heis er ok. Teorilokale er bra, men ein dørterskel er unødvendig høg, på grensa for TEK-10.

## **4. Stend**

Jenteinternat

Eit lite parti med singel som gjorde at rullestol kjørte seg fast, elles ok inngangsparti. Veldig lang responstid på dør til HC-toalett, elles er toalett ok. Heisdør litt for kort responstid. Dei fleste gamle trappene mangla merking på trappenase. God kontrast i gongane. HC- toalett i 1. etg, skittentøykorg under vasken.

Skulebygg

God markering av trapper, men dei gamle trappene var ikkje merka. Steril gong med lange einsfarga flater, ei stripe/bord midt på veggen ville hjelpe svaksynte. Heis er under bygging. Guteinternatet er ikkje tilgjengeleg.

Inngang E

Garderobar, HC-toalett er ok. Den nye heisen vil gje tilgjenge i store deler av bygningen

Det bør vera tydelig kontrastmarkering rundt trykk-knapp for døropnar, så alle, også svaksynte, kan lettare sjå knappen. Knappen bør også merkast taktilt.

Hjørnevask på HC-toalett er som hovudregel å foretrekka for å sikra best tilgjenge for alle.

*Forfall til rådsmøter:* Forfall til møter i rådet er stor og særskilt frå politiske medlemar. Det svekkar funksjonen til rådet og påverknaden rådet har. Rådet er uroa for kontinuiteten, omdømme og politisk påverknad.

*Årsmeldinga 2014:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne fekk ein kommentar frå fylkestinget 14. oktober på årsmeldinga for 2013 der det var ønskeleg å få meir konkret informasjon om kva rådet har jobba med og kva saker som er viktige. Rådet erkjenner at årsmeldinga for 2013 ikkje var optimal og at det var ønskeleg med ein klarare arbeidsfordeling for dette dokumentet.

*Intervall ved trafikklys for overgang ved vegkryss:* Rådet har lagt merke til at lysintervalla for overgangen ved bystasjonen er så kort at det er vanskeleg å kome over for funksjonsfriske, og rådet meiner det vil vere ein fordel om desse intervalla vert lengre.

## **Vedtak**

*Forfall til rådsmøter:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende ein melding til rådet sine medlemar der ein minner dei om kva pliktar ein har som medlem i rådet og kva som er forventna av dei. Rådet sine medlemar skal og bruke skjema for forfall som dei andre politiske utvala.

*Årsmeldinga 2014:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok slik arbeidsfordeling:

- Rådsmedlemene kjem med innspel til kva dei ønskjer å ha med i årsmeldinga og kva dei har delteke på.

- Leiar er ansvarleg for innhaldet i årsmeldinga og for å sette saman den informasjonen som kjem frå rådsmedlemmane.
- Administrasjonen er ansvarleg for å korrekturlesing, lay-out og distribuering.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har tidlegare vedteke at eit råutkast for årsmeldinga skal sendast ut i januar/februar og rådet skal utarbeide eit endeleg utkast påfølgjande rådsmøte.

*Intervall ved trafikklys for overgang ved vegkryss:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å be om ein orientering frå Statens vegvesen angående lysintervall for vegkrysset ved bystasjonen.

## **PS 54/14 Referatsak (Meldingar)**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 29.10.2014**

#### **Vedtak**

*Orientering frå Skyss til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:* Rådet set pris på å få orienteringa skriftleg. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sende orienteringa ut til dei organisasjonane som kom med innspela.

*Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelse:* Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sette utkast til klinikkstrukturplan for tannhelse opp som ein politisk sak på neste møte.

Tannlegesenter på Nesttun: Nytt saksnummer PS 52/14.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtok å sette tannlegesenter på Nesttun opp som ein politisk sak på møtet. Rådet vedtok og å sende ein slik førespurnad til eigedomsseksjonen og tannhelseavdelinga: «*Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne visar til bekymringsmelding vedrørende tilkomst til Nesttun tannklinikk. Rådet ber eigedomsseksjonen og fylkestannlegen om å sjå på tilkomst til bygget og moglegheit til å installere ein automatisk dørøpnar både i inngangspartiet nede og i andre etasje slik at tilkomst vert betra.*»

**RS 45/14 Oversikt økonomi - per 171014**

**RS 46/14 Oversikt aktuelle kurs 2014 - per 171014**

**RS 47/14 Oversikt over større saker til politisk behandling hausten 2014 - pr september**

**RS 48/14 Utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland - høyringsbrev**

**RS 49/14 Orientering frå Skyss til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 100914**